

Statusrapport per 31. desember 2013

Handlingsplan 2014

for prosjekt "Kommunal næringsutvikling"

Innleiing

Prosjekt kommunal næringsutvikling er sett i verk av partnerskapen for å spele kvarandre betre på næringsutvikling. I partnerskapen er kommunane, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Innovasjon Norge og Fylkesmannen si landbruksavdeling.

Denne rapporten gjer opp status etter om lag 3 år i drift i prosjektet og skisserer vegen vidare. Rapporten tek ein statusgjennomgang av kvart delprosjekt slik det var per 31. desember 2013.

Målsetting

Styrke førstelinetenesta sitt næringsutviklingsarbeid, slik at dei kan gje etablerarar og lokalt næringsliv eit betre tilbod. Målsettinga skal vi nå gjennom resultatmåla nedanfor.

Resultatmål

Vi har følgjande resultatmål for prosjektet:

Ei betre organisering av arbeidet med næringsutvikling på kommune- og regionnivå.

Større fagmiljø med auka stillingsressursar i minst ti kommunar i løpet av prosjektperioden.

Auka kompetanse og auka merksemd rundt næringsutvikling på kommunalt nivå og betre verkty for næringsutvikling.

Alle i målgruppa skal ha eit fått eit kompetanseløft i løpet av prosjektperioden.

Utvikle betre verkty for målgruppa for å betre næringsutviklingsarbeidet.

Betre kommunikasjon mellom lokalt og regionalt nivå og betre samhandling og kommunikasjon ut frå regionale aktørar.

www.driftig.no skal vere hovudkanalen for informasjon relatert til nærings- og gründerarbeid.

Ha gode nettverk og treffpunkt for tiltaksapparatet og regionalt nivå.

Måloppnåing

Fleire kommunar har inngått samarbeid og har på denne måten fått breiare kompetanse og betre kapasitet. Dei fleste i førstelinetenesta har auka kompetansen gjennom prosjekt kommunal næringsutvikling sitt kompetansetilbod. Partnerskapen har fått utvikla program for småbedrifter som set dei betre i stand til å arbeide med næringsutvikling. Driftig.no er nettsida som gjev god kommunikasjon mellom gründerane, førstelina og partnerskapen. Slik sett er vi på rett veg i høve måloppnåing. Det gjenstår arbeid med å tilby nettverksarena for småbedrifter og motivere for auka grad av nærings samarbeid.

Framdrift

Det er gjennomført tiltak som planlagt i handlingsplanen for 2013. Høgskulestudium er gjennomført med godt resultat. Program for småbedrifter er ferdig utvikla og skal settast i verk i

2014. Rådgjevarkorpset er i hovudsak samansett av prekvalifiserte konsulentar i Innovasjon Norge sitt program for vekstbedrifter. I år 2014 styrkjer vi arbeidet med å marknadsføre Driftig.no og dei to dørene inn til virkemiddelapparatet. Informasjon om driftig.no og korte videosnuttar om å vere gründer vert å sjå på reklameskjermene i ventehallane på flyplassane i fylket og på ekspressbåtane. 2014 vert eit viktig år for evaluering av tiltaka i prosjektet og kva tiltak som bør vidareførast

Økonomi

Prosjektrekneskapen syner noko lågare kostnader i 2013 enn budsjettet. Restmidlar er overført til 2014 med kr. 254 252,-.

Rekneskap 2013

Lønskostnader	742 279
Etablerarkurs	783 382
Kurs og Verkty	593 262
Tiltaksforum	26 291
Dialogmøte med kommunane	-----
Driftig.no	382 867
Diverse samlingar / seminar	30 377
EtablerarLink	21 070
SUM	2 579 528

Finansiering 2013

Restmidlar 2012 overført til 2013	816 780
HPN sitt budsjett 2013	900 000
HPN sak 64/12	475 000
Innovasjon Norge	392 000
Fylkesmannens landbruksavdeling	250 000
Restmidlar 2013 overført til 2014	- 254 252
SUM Finansiert	2 579 528

Budsjett 2014

Lønskostnader	750 000
Etablerarkurs	974 000
Kurs og Verkty	360 000
Tiltaksforum	40 000
Dialogmøte med kommunane	40 000
Driftig.no	450 000
Diverse samlingar / seminar	40 000
SUM	2 654 000

Finansiering 2014

Restmidlar 2013 overført til 2014	254 000
HPN sitt budsjett 2014	900 000
HPN sak 18/13	750 000
Innovasjon Norge	500 000
Fylkesmannens landbruksavdeling	250 000
Fylkeskommunen – Løyving HPN	0
SUM Finansiert	2 654 000

Nærare status for kvart tiltak

Kjenneteikn på næringskommunar

Statusrapport 2013: Distriktssenteret sin rapport vart presentert 6. juni i 2012. Vi har valt å nytte denne rapporten i vårt vidare arbeid.

Handlingsplan 2014: Temaet vert teke naturleg opp i dialogmøte med kommunane.

1.2.1. Organisering av tiltaksapparatet

Statusrapport 2013: Arbeidet med organisering av tiltaksapparatet har i hovudsak vore arbeidd vidare med i Regional verdiskapingsplan under temaet Nyskaping. Fleire kommunar vurderer å samarbeide om førstelinetenesta for å få auka kapasitet og breiare kompetanse. Vår rolle har vore å peike på kor viktig det er at kommunane har styring med verkemiddelbruken gjennom god representasjon i styret og at vedtektene for selskapet er i tråd med retningslinene for bruken av næringsfond. Særleg er det viktig at lokalt næringsliv vert engasjert i arbeidet med næringsutviklinga.

Prosjekt kommunal næringsutvikling har gjennomført dialogmøte med 15 kommunar i 2013. Tilbakemeldinga frå kommunane er udelt positive. Vi får klare tilbakemeldingar om at desse møta må verte eit årleg tiltak. I møta får vi ein god dialog om kommunane sine utfordringar og moglegheiter, kva dei er opptekne av og kva partnerskapen kan vere med å legge til rette for.

Handlingsplan 2014: Det er lagt opp til vidareføring av dialogmøte med kommunane for vidare oppfølging. Arbeidet med å få fleire til å samarbeide om 1.linjetenesta vert ein viktig del av dialogmøta med kommunane.

1.2.2. Samarbeidsavtalar mellom kommunalt og regionalt nivå

Statusrapport 2013: Temaet var oppe som sak i siste møte i styringsgruppa. Tiltrådinga var at samarbeidsavtalar mellom kommunane og fylkeskommunen ikkje vert nytta. Det har derfor ikkje vore arbeidd vidare med dette tiltaket.

2.1.1. Kompetansenivå i førstelinetenesta

Statusrapport 2013: Høgskulestudium i bedriftsutvikling/knoppskyting- og entreprenørskap var det viktigaste tiltaket i 2013. Tiltaket er kommentert i eige punkt. I tillegg vart det lagt opp til informasjonsmøte om program for småbedrifter. Det melde seg 16 deltakarar. Det har seinare vore halde individuelle møter med 3 næringssefjar om same temaet.

Handlingsplan 2014: Fleire praktiske kurs vert tilbydd gjennom året 2014. Særleg gjeld dette satsinga på småbedriftene med kurs i næringsssamarbeid og nye informasjonsmøter om program for småbedrifter som rekrutteringstiltak av småbedrifter. For nærare informasjon viser vi til vedlagt utkast til kursplan for 2014.

2.1.2. PLP-kurs

Statusrapport 2013: Det vart ikkje gjennomført kurs i PLP. Grunnen er at behovet er dekkja for dei fleste i førstelina.

Handlingsplan 2014: Nytt kurs er planlagt i 2014 der målgruppa er både førstelina og småbedrifter. Kurset er lagt opp til ein dags kurs.

2.1.3. Kompetanseheving i dagleg arbeid

Statusrapport 2013: Kurset Gode pengar til Gode prosjekt vart gjennomført i 2013. førstelinjetenesta fekk også tilbod om kurs i forretningsmodellering og vekstbedrifter. Det vart gjeve kurs i statsstøtte og innkjøp. Det er stadige utskiftingar av personell i tiltaksapparatet i kommunane. Kontinuerleg tilbod av slike kurs er difor naudsynt..

<i>Tiltak</i>	<i>Resultatmål</i>
Kurs i Vekstbedrifter	19 deltakarar
Gode pengar til Gode prosjekt	23 deltakarar
Statsstøtte og innkjøp	27 deltakarar
Forretningsmodellering	12 deltakarar

Handlingsplan 2014: Nytt kurs for næringsmedarbeidarar i kommunane om statsstøtte og innkjøp vert tilbydd i løpet av våren 2014. Kurset Gode pengar til gode prosjekt vert gjennomført på haustparten. Nytt av året er kurs i program for småbedrifter og næringsssamarbeid.

2.1.4. Høgskulestudium

Statusrapport 2013: Høgskulestudium i bedriftsutvikling/knoppskyting og entreprenørskap starta 20. august. Målsettinga var å få med 15 deltakarar, der 10 tok eksamen. 19 deltakarar var påmeld. 15 av dei ønskte å ta eksamen. Siste samling vart gjennomført 25. til 26. november. Innlevering av oppgåve til skriftleg eksamen var sett til 3. januar 2013. Tilbakemeldingane frå deltakarane er at dette var eit relevant og godt gjennomført kurs. Alle fire samlingane var lagt til Førde.

Handlingsplan 2014: Alle 15 deltakarar som tok eksamen leverte inn sine skriftlege oppgåver og fekk bestått. Det vart gjennomført munnleg eksamen 29. januar 2014. Alle fekk bestått.

Det er ikkje lagt opp til oppstart av nytt høgskulestudie i 2014. Det skal vurderast om eit tilsvarande studie vert sett i verk i 2015.

2.2.1. Vidareutvikling av kommunale næringsfond

Statusrapport 2013: Arbeidet med nye retningslinjer vart ferdigstilt før tildeling for 2012. Det vart gjennomført ein brei prosess med kommunane gjennom høyringsmøte og skriftlege innspel. Det vart lagt større vekt på folketalet i kommunane enn ved tidlegare tildelingar. Grensa for kven som kan få midlar vart auka frå 1 million kroner i inntekter frå konsesjonsavgifter til 2 million kroner. Dette er dei viktigaste endringane i utviklingsarbeidet.

Handlingsplan 2014: Arbeidet med kommunale næringsfond er ein del av næringsavdelinga sine ordinære oppgåver, men er tett kopla til aktiviteten i prosjektet. Vi vil følge opp kommunane i deira forvaltning av kommunale næringsfond mellom anna gjennom dialogmøter og kurs.

Frå 2014 vil alle midlar frå kommunale næringsfond bli lyst ut elektronisk gjennom nettsida www.regionalforvaltning.no. Gjennom dette blir det ein portal for utlysing av midlar, og oversikt over midlar og rapportering blir enklare. Vi gjennomfører kurs i regionalforvaltning.no.

Vi vil gjere ei evaluering av retningslinjene i løpet av 2014. Retningslinjene kan også bli endra frå 2015 som følge av regional verdiskapingsplan.

2.2.2. Etablererkurs

Statusrapport 2013: Etablererkurs er gjennomført i alle fire regionane med følgjande resultat.

Sogn	16 deltakarar	4 deltakarar fullførte ikkje
Nordjord	15 deltakarar	6 deltakarar fullførte ikkje
Sunnfjord	12 deltakarar	alle deltakarane fullførte
HAFS	9 deltakarar	4 deltakarar fullførte ikkje

Det er ulike grunnar til at fleire av deltakarane ikkje fullførte. Noko av føremålet med etablererkursa er å realitetsorientere deltakarane om kva som krevst av dei og idéen deira. Nokre slutta også fordi det var meir arbeid enn dei hadde føresett. Dei vil difor ta det igjen når situasjonen deira tilseier det. Målet må vere at vi slepp dei ut att med eit ope sinn om tanken på at når den «rette» forretningsidéen dukkar opp så veit dei meir om kva som krevst og har større sjans for å lukkast. Etter at vi har spurt deltakarane om kor mange som skal starte opp svarer 39 % at dei vil etablere seg. Dei som etablerer seg gjer det som regel i løpet av dei to til tre første åra. Dersom tal deltakarar går ned må vi finne meir fleksible løysingar med mindre kostnadsbruk. Det er viktig å vite at kostnadene med samlingane er fast. Det er rådgjeving til kvar deltakar som varierer. Dersom tal deltakarar aukar vil også kostnaden auke. Kvar deltakar får inntil 5 timar individuell rådgjeving.

Handlingsplan 2014: Det vert gjennomført 4 etablererkurs, eitt i kvar region, i 2014. Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar opsjonen på eitt ekstra år for Mentor AS som skal stå for gjennomføring av etablererkursa samt delta i rekruttering av gründerar saman med kommunane. Førstelinetenesta i kommunane har eit særleg ansvar for oppfølging av gründerane etter gjennomført etablererkurs.

Etablererkurs startar i Sogn 20. februar.

Etablererkurs startar i Nordfjord 3. mars.

Etablererkurs i Sunnfjord startar den. 4. september.

Etablererkurs i HAFS startar den 8. september.

Det vert køyrt introduksjonskurs i forretningsmodellering som lekk i rekrutteringa til kursa.

2.2.3. Statistikk over nyetableringar

Statusrapport 2013: EtablererLINK vart vurdert til å ha for låg nytte sett i høve til kostnaden. Inngått avtale er oppsagt.

Handlingsplan 2014: Brønnøysundregistrene skal levere oversikt over nyetableringar på fylkesnivå og per kommune. Det er inngått avtale om leveranse av statistikk per måned for 2014. Statistikken gjev oversikt over nyetableringar per bransje.

3.1.1. Driftig.no - Ein informasjonskanal for gründerar og tiltaksapparat

Statusrapport 2013: www.driftig.no er hovudkanalen for informasjon relatert til nærings- og gründerarbeid i Sogn og Fjordane. I driftig.no finn gründerane og bedrifter kontaktperson i sin kommune. Her finn dei også aktivitetsskalender der dei får informasjon om kva tilbod som finst og kor tid / kvar det finn stad. Driftig.no er fornya og relansert. Ny driftsmodell er laga. Det er oppretta redaktørgruppe som skal syte for å halde sida oppdatert og levande.

Handlingsplan 2014: Driftig.no skal vere i normalt gjenge i si nye form. Driftig.no vert marknadsført på alle flyplassane sine reklameskjermar. Det same gjeld ekspressbåtane mellom Bergen – Nordfjord og Bergen – Sogn. Det vert arbeidd med å få marknadsført Driftig.no på Høgskulen i Sogn og Fjordane og alle dei vidaregåande skulane. Driftig.no har ein prøveperiode fram til 1. juni 2014. På grunn av at utprøvsperioden var forseinka bør prøveperioden forlengast ut året. Då skal alle tiltaka evaluerast og vurderast opp mot nytten.

3.1.2. Treffpunkt nytilsette

Statusrapport 2013: Det er gjennomført møte med representantar frå Lærdal og Hyllestad. Deltakarane har også fått møte representant frå Innovasjon Norge. Tilbakemeldingane er at møta er nyttige og positive.

Handlingsplan 2014: Nytilsette vert invitert til fylkeshuset der dei møter representantar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Innovasjon Norge. Alle nytilsette i kommunane vert invitert inn til møte i løpet av 2014.

3.2.2. Tiltaksforum

Statusrapport 2013: Tiltaksforum er nettverksarenaen for næringsapparatet til kommunane i fylket og den regionale partnerskapen. Som del av programmet får lokale suksessbedrifter presentere seg. Tiltaksforum vart gjennomført 12. og 13. november i Sogndal. 52 deltakarar var påmelde. Den raude tråden var arbeidet med småbedriftene under temaet «frå liten til litt større». Fylkeskommunen nytta høve til sette fokus på småbedriftene sitt behov for proaktiv tilrettelegging. Ein viktig del av dette arbeidet vert bruken av utviklingsverktøyet «program for småbedrifter». Tilbakemeldingane var gode.

Handlingsplan 2014: Nytt Tiltaksforum er planlagt til oktober 2014. Tema vil vere intraprenørskap (bedriftsutvikling/knoppskyting). Tiltaksforum skal sette på dagsorden føresetnader for å lukkast og kva erfaringar 1.linja har med program for småbedrifter. Arbeid med nærings samarbeid vil vere tema der vi skal få både teori og presentasjon av gode næringsklynger på Sunnmøre og i Hordaland.